

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tord Moltumyr	FA - F03	14/1352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
26/2014	Kommunestyret	PS	09.04.2014

Kunnskapsdokument folkehelse

Vedlegg:

Kunnskapsdokument V 21.03.14.endelig

Saksopplysningar:

Etter folkehelselova frå 2012 skal alle kommunar utarbeide skriftleg oversyn over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som kan virke inn på denne. Det er no utarbeidd eit kunnskapsdokument der det vert lagt fram statistikk og analyser henta frå både statlege og lokale kjelder.

Utgangspunktet for kunnskapsdokumentet skal vere *befolkningsperspektivet*. Dette som eit tillegg til mange typar analysar som ofte ser mest på kommuneorganisasjonen og økonomi.

I kunnskapsdokumentet er det ikkje lagt opp til tiltak. Desse vil kome i andre prosessar, herunder arbeidet med virksamhetsplanar, handlingsplanar, økonomiplan og budsjett.

Formålet med kunnskapsdokumentet er å gje politikarane og administrasjonen eit samla oversyn over kjente forhold som påverker folk si helse. Dette som eit grunnlag for å betre fatte gode beslutningar.

For meir informasjon om saka vert vist til sjølv dokumentet. Spesielt vert vist til innleiinga, samt samandraget på side 7-10.

Framlegging av kunnskapsdokumentet vil i seg sjølv ikkje ha konsekvensar for folkehelse, miljø eller økonomi.

Kommuneoverlegen vil orientere i møtet.

Rådmannen - framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

Utval for levekår - 20/2014

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Kommunestyret tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

Kommunestyret - 26/2014

KS - behandling:

Kommuneoverlege Tord Moltumyr orienterte og svarte på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

Kommunestyret berømmar arbeidet som er nedlagt og tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

Avrøysting:

Framlegget frå Per Kristian Holmetun vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret berømmar arbeidet som er nedlagt og tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.